

Vi treng reine fjordar og eit hav i balanse

Vedtatt av SVs landsstyre 21. mai 2022.

Livet på jorda er avhengig av havet. Over halvparten av oksygenet vi pustar inn kjem frå havet, og i fleire tusen år har det gitt oss mat. Vi er avhengige av havet som levebrød, og havet er framleis med på å sikre mat og arbeid til verdas veksande befolkning. Havet er også ei viktig for produksjon av fornybar energi. Ein stor del av løysingane vi treng for å kutte utsleppa er knytte til havet, og eitt av berekraftsmåla slår fast at vi skal bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling.

Mange av framtidens løysingar er å finne i havet, men det avheng av evna vår til å forvalte det berekraftig i dag og i framtida. Om vi ikkje gjer noko for å verne havmiljøet, vil vi ikkje kunne hauste av den evigvarande ressursen i framtida.

Det vert krevjande å handtere summen av alle dei nye planlagde aktivitetane i norske kyst- og havområde. Kunnskapsgrunnlaget om kva effektar desse kan få for havmiljøet, fugle- og fiskebestandane og naturmangfaldet er svakt og har store manglar. Dersom dei nye marine satsingane ikkje bygger på kunnskap, og at det ikkje vert lagt opp til betre samordning av arealbruken til havs, kan utviklinga truge både havmiljøet og framtidig matforsyning.

Vi treng ei god, forskningsbasert forvaltning av havet og ressursane der. Vi treng og effektive forvaltningsprosessar. Å restaurere den økologiske balansen i havet krev målretta tiltak. Vi må bringe havet, og dermed verda, attende i balanse. Vi må stanse overfiske, hindre forureining og verne sårbare artar og leveområde.

Havet er i ubalanse

Vi ser endringar i havet på grunn av menneskeleg aktivitet. Klimaendringane har alt vist seg i endringar i havet. Klimaendringane har medført omfattande skader på økosystema på land, i vatn og i hav. Endringane i havet er større enn tidlegare rapportert, ifølgje FNs klimapanel's 6. hovudrapport.

Auka CO₂-utslepp gjer havet varmare, surare og meir oksygenfattig, noko som trugar økosystema og dermed også havet som kjelde til mat. Det same gjer overfiske, forsøpling og forureining, mellom anna frå industri, plast, kloakk, overgjødsling og gruveslam. Ein tredjedel av alle fiskebestandar er overfiska og sjøfuglbestanden er i sterk nedgang. Den biologisk verdfulle iskantsona er opna for olje- og gassverksemd, og i motsetning til nesten alle land i verda tillet norske styresmakter dumping av gruveavfall i norske fjordar (Repparfjorden og Førdefjorden). Aukande havvindutbygging i landa rundt oss, verkar også inn. Og snart ventar mineralutvinning frå sjøbotnen og oppdrett til havs utan at nokon veit konsekvensane.

Oljeutvinning krev meir og meir areal og TFO-ordninga (tildeling i førehandsdefinerte område) vil medverke til at sårbare område vert truga av utvinningsløyve, jmf. tildelingar ved Mørebankane.

Dette vil SV for havet og fjordane

- SV krev meir oversikt og meir kunnskap om verknadene av all verksemd i havområda. SV meiner det må løyvast meir pengar til havforskning no.
- Offentleg styrt kartlegging og føreundersøkingar må komme raskt i gang i samband med havvindutbygging. Miljødirektoratet må styrkast og få nok midlar til for å kome i gang alt no.
- SV vil ha forbod mot å dumpe gruveslam, og anna avfall, i fjordane.
- SV vil alltid setje naturmangfaldet og villfisken først; all anna bruk av havet må ta omsyn til det
- SV vil ikkje ha ny aktivitet i verdfulle fiskefelt og særskilte verneområde (SVO).
- SV meiner at naturmangfaldslova må gjelde for heile havet. Forvaltningsplanane må oppdaterast og gjerast juridisk bindande.
- SV vil stille strenge krav til miljø og berekraft når tillatelser vert gjeve, både til havvind, havbruk, fiskeri og oljeindustri
- Storting og regjering må følgje opp hovudkonklusjonane til Havpanlet med å verne minst 30 prosent av havet og arbeide aktivt for ei global plastavtale og ei global havavtale.
- Norge må slutte å arbeide for gruvedrift til havs.